

Flott grautfest for skulekorpset

12.12.2009

**Den tradisjonelle grautfesten for skulekorpset før jul vart avvikla på AFA fredag og vart som tidlegare ein flott sluttmarkering på eit minnerikt år.
Ikkje minst gjer det inntrykk at korpmedlmmene er så kjekke og greie å ha med å gjera, blir det understreka for uskedalen.no**

Alle korpmedlemmene fekk julegåve og det var gåvekort på CD.

Dei fire som har vore flinkast til å møta fram til øvingane vart påskjønta med gåvekort på 200 kroner i Husnes-senteret. Dei var Lars Andres Sæbø, Sindre Aksnes, Ann Helen Rød og Merete Myklebust.

3 av dei 7 aspirantane som korpset no har var på festen og dei fekk også gåvekort.

Quiz-tevling med premiering var også ein spennande post på programmet.

Det var vidare trekking av julelotteriet og resultatet av den er attgjeve i ein eigen notis.